



Jens H N Bjordal  
Grønlandsvegen 11  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/4881 - 22/21858

Saksbehandlar:  
Hogne Askeland  
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:  
16.03.2022

## Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 1/80 Flatøy

Tiltak: Montering av slamavskiljar  
Byggjestad: Gbnr: 1/80  
Tiltakshavar: Øystein Sulebakk  
Ansvarleg søkjar: Jens H N Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 14.03.2022.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

**1. Følgjande vilkår er sett i løyvet: Utlekking av leidning i sjø skal være godkjent av Bergen og omland Farvannsforvaltning IKS før arbeida tek til.**

Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS har gjeve førehandsuttale datert 07.04.2021 vedrørende søknad om løyve til utlegging av vann- og avløpsleidning i sjø. Før arbeida kan setjast i gang må det vere gjeve løyve for tiltak i sjø frå Bergen og Omland Farvannsforvaltning IKS.

Alver kommune kan ikkje sjå å ha motteke dokumentasjon på at Bergen og Omland Farvassforvaltning IKS har gjeve løyve til utlegging av vann- og avløpsleidning i sjø.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 06.04.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

**Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Hogne Askeland  
Konsulent

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

Jens H N Bjordal  
Øystein Sulebakk

Grønlandsvegen 11  
Grønlandsvegen 20

5918  
5918

FREKHAUG  
FREKHAUG